

Kopi:

Ordfører

Kommunedirektør

Økonomisjef

Austrheim kommune

Kontrollutvalet

Isdalstø, 21.04.2021

Revisjonsrapport nr.18

Årsrekneskapen 2020

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2020. Rekneskapen for 2020 skal avleggast etter reglane i ny kommunelov og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner m.v.¹ Dette har medført nokre endringar for avlegginga av rekneskapen i 2020 samanlikna med tidlegare år.

Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Kommuneloven § 24-2 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil.

Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som følgjer av vår revisjonsgjennomgang.

¹ Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. av 7.6.2019 nr 714.

Investering og anlegg

Det er differanse mellom anleggsregister og balanseførte verdier. Kommunen bør korrigere dette slik at det i framtida vert samsvar mellom anleggsregister og rekneskap.

Fleire av prosjekta i investering er tvilsame i høve til vilkåra i KRS 4. Vi vil oppmode til at ein i samband med budsjettprosess vurderer prosjekta i høve til kriteria i KRS 4 og dokumenterer vurderinga. Dersom kommunen ynskjer kan det avhaldas møte med gjennomgang og drøfting av vurderingane i samband med budsjettprosess slik at eventuelle problemstillingar kan avklarast før prosjektet er gjennomført. Dette har vore tatt opp med kommunen også tidlegare år, og det vart i 2020 gjennomført eige møte med administrasjonen der revisjonen gjennomgjekk gjeldande regelverk.

Etter forskrifta § 3-4 skal anleggsmidlar avskrivas over utnyttbar levetid. Kommunen har i etterkant av aktivering gjort ei vurdering av utnyttbar levetid for anlegga. Anleggsregisteret for 2020 viser såleis ikkje korrekt levetid for desse anlegga, noko som vil medføre for låge avskrivningar over tid og redusere minimumsavdraget. Det er vår vurdering at levetida for aktiverte anlegg i 2020 ikkje er heilt i samsvar med forskrifta. Kommunen vil gjennomgå dette i 2021 og oppdatere levetida for fleire av anlegga mellom anna for innkjøpte køyretøy og ladestasjon. Også levetida for fasilit og oppgradering av lys ved Årås skule er etter vår vurdering for høg i anleggsregisteret.

Vi vil oppmode til ein gjennomgang av system for namngjeving av prosjekt og anlegg.

Meirverdiavgift og kompensasjon for meirverdiavgift

Kommunen har kravd mva kompensasjon for kostnader knytt til næringsområde på Kaland. Etter meirverdiavgiftskompensasjonsloven § 4 annet ledd nr 3 har ikkje kommunen rett på kompensasjon for kostnader knytt til fast eigedom berekna for sal eller utleige. Kommunen opplyser at ein ikkje har konkrete planar om å nytte området til kommunal verksemd. Det er difor vår vurdering at kostnader som ikkje er knytt til kommunal infrastruktur i feltet ikkje gjev rett på kompensasjon av- eller frådrag for meirverdiavgift. Prosjektet må difor gjennomgåast og mva-handsaminga korrigerast.

Kostnadane til næringsområdet er ikkje ført på eige prosjektnummer i rekneskapen. For å sikre korrekt rekneskapsmessig handsaming ved framtidig sal eller utleige vil vi oppmode til at dette vert korrigert.

Det er gjennomført justering for mva knytt til VA i 2020. Beløpet er redusert i høve til tidlegare år, årsaka til dette er etterspurt men ikkje svara ut. Beløpet er ikkje vesentleg.

Likvidar

Kasseteljing er signert og datert 19.3.21. Dette bør gjerast så nært som mogleg 31.12.

Ein bankkonto i rekneskapen har ein differanse på 121 648 kr. Kontoen er ikkje avstemt og saldoen er ikkje dokumentert. Kommunen opplyser at ein må sjå nærare på kva som er ført her.

Avstemmingane på likvidområdet er av varierende kvalitet, og vi vil tilrå at ein nyttar elektronisk avstemming eller avstemningsmalar tilgjengeleg gjennom årsoppgjersmappe.

Budsjett

Forskrifta stiller krav til korleis årsbudsjett skal setjast opp. Årsbudsjett og årsrekneskap skal følgje dei same oppstillingane.

Budsjettet for Austrheim Kommune 2020 er ikkje satt opp i samsvar med oppstillingane i forskrifta, og endringar i løpet av året er ikkje presentert på same format. Når budsjettvedtak, budsjettendringar og budsjett rapportering i rekneskapen følgjer ulike oppsett vil budsjettområdet bli vanskelegare etterprøvbart.

Vi har mottatt avstemming av budsjett og budsjettendringar 15.4.21 og oppdatert versjon 16.4.21. Kommunen har avstemt budsjett utan vesentlege avvik. Ved kontroll av avstemminga har vi ikkje funne igjen alle beløpa kommunen nyttar i si avstemming. Vi kan difor ikkje verifisere at budsjettet slik det framgår av rekneskapsdokumentet er i samsvar med kommunestyret sine vedtak.

Budsjettgodkjenning Fylkesmann og lånefinansiering

Sidan Austrheim kommune er ROBEK-kommune i 2020 skal budsjett og låneopptak godkjennast av Fylkesmannen (no Statsforvaltaren). I si godkjenning for 2020 skriv Fylkesmannen at han godkjenner budsjettet slik det føreligg med budsjetterte VA-investeringar på 15,0 mill. delfinansiert med bruk av unyttta lånemidlar inntil kr 8,5 mill. og med ei låneramme på 6,5 mill kr til VA-investeringar. Det blir også gitt løyve til opptak av lån til vidare utlån på 2,5 mill. kr i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Vidare skriv Fylkesmannen:

Fylkesmannen tilrår difor kommunen å avgrense nye låneoptak i stor grad. Vi vil be kommunen avgrense lånefinansiering inntil vidare til følgjande investeringar:

- *avgiftsfinansierte VA-investeringar*
- *startlån til vidare utlån*
- *eventuelt andre investeringar, etter nærare vurdering, som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter.*

Investeringar elles bør bli finansierte utan bruk av lån. Slik finansiering kan vere sal av eigedom og investeringstilskot m.m.

I vedtaket blir det også gitt særskilt løyve til lånefinansiering av desinfeksjonsmaskin på om lag kr 230 000, finansiert med reduksjon i bruk av lånemidlar på andre område.

Ved gjennomgang av investeringsrekneskap og aktiverte anlegg finn ein at 4,62 mill. kr. av årets kostnadar gjeld VA. Bruk av lånemidlar i rekneskapen er 8,68 mill. kr., noko som inneber at 4,06 mill. kr. lånemidlar er nytta til anna enn VA. Korrigert for desinfeksjonsmaskin er beløpet 3,84 mill. kr. Kommunen hadde unytta lånemidlar per 1.1.20 som dekker dette.

Det er vår vurdering at kommunen har nytta lånemidlar på ein annan måte enn det som er Fylkesmannen har samtykka til i si budsjettgodkjenning, og at desse vert nytta til andre føremål enn dei Fylkesmannen ber kommunen avgrense til i budsjettgodkjenninga.

Avsetjingar for framtidige forpliktingar, overlegepermisjon

Kommuneoverlegar med relevant spesialitet har etter gjeldande avtale på området rett på 4 månadar permisjon med løn, overlegepermisjon, kvart 5. år. I permisjonstida må legefunksjonen oftast dekkast inn på anna måte som fører til kostnadar for kommunen. Det er derfor naturleg å avsetje for denne framtidige forpliktinga i rekneskapen. Kommunen har for 2020 satt av kr 1 400 000 i rekneskapen relatert til dette. Avsetjinga er ført mot fond. Revisjonen meiner at denne posten, avsetjing for forplikting, høyrer naturleg inn på gjeldssida i rekneskapen.

Lån til vidare utlån

Kommunen har i 2020 refinansiert eit lån til vidare utlån. Etter GKRS skal refinansiering utelukkande først i balansen. Kommunen har ført refinansieringa i investeringsrekneskapet, noko som inneber at beløp knytt til utlån, mottatte avdrag, bruk av fond og avsetjing til fond er for høge og at beløpa i rekneskapen

er misvisande. Føringa i investeringsrekneskapen medfører ikkje resultateffekt på rekneskapen. Føringa er ikkje i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og medfører at kapitalkonto vil vise for høge beløp framover.

KRS 3 punkt 3.4 omtalar mottekne avdrag på lån til vidare utlån etter kommuneloven § 14-17

Mottatte avdrag på vidareutlån samt vidare avdrag på disse innlån skal regnskapsføres i investeringsregnskapet, jf. budsjett- og regnskapsforskriften § 2-5 andre ledd. Mottatte avdrag på vidareutlån kan bare finansiere avdrag på lån eller nye utlån.

Dersom kommunen ikke benytter alle mottatte avdrag på vidareutlån til å betale avdrag på kommunens innlån i investeringsregnskapet, skal det overskytende beløpet avsettes til bundet investeringsfond. De samme begrensningene som ligger på bruk av mottatte avdrag på vidareutlånte midler, ligger på bruk av fondet.

Kommunen har ikkje handsama dette i samsvar med GKRS, da overskytande midlar er avsett til ubunde fond, og ikkje bunde fond slik standarden føreskriv.

Vår avstemming av formidlingslån viser at utlån for om lag 350 000 kr ikkje er finansiert med innlån til vidare utlån eller fond knytt til dette.

Utestående kundefordringar

Det har ikkje vore tilstrekkeleg oppfølging av utestående kundefordringar gjennom året i 2020, noko som har medført at det er ein del gamle postar i saldo pr 31.12. Postar eldre enn 90 dagar på område som kan vere utsett for tap utgjer pr 31.12.20 i overkant av kr 800 TNOK. Det er satt av kr 349 TNOK til tap på krav. Revisjonen vurderer avsetjinga til å vere for låg. Nokre postar er konkret vurdert med tanke på tapsavsetjing, men vi har ikkje motteke ei samla fullstendig vurdering. Vi rår til at kommunen betrar rutinane sine knytt til å krevje inn utestående fordringar, elles er det risiko for at inntekter kan gå tapt.

Manglar ved rekneskapsdokument

Første rekneskapsdokument (avlagt rekneskap) inneheldt ikkje alle dei pliktige oppstillingane, balanse og notar var heller ikkje inkludert. Dei mottekne oppstillingane reflekterte i liten grad nye krav som følgjer av ny kommunelov.

Komplett rekneskapsdokument med pliktige notar og oppstillingar etter ny kommunelov vart først mottatt 15.4.21. Innholdsmessig er oppstillingane i endeleg rekneskapsdokument ikkje i samsvar med krav i forskrift. Administrasjonen er kjent med at det er relativt omfattande svakheiter ved dokumentet på tidspunktet for avlegging.

Innhaldsmessige krav til årsrekneskapen følgjer av forskrifta § 5-2.

§ 5-2. Oppstillingar og noteopplysningar i årsregnskapet

Årsregnskapet skal inneholde oppstillingane som nevnt i § 5-4 til § 5-6 og § 5-8 til § 5-9.

Oppstillingane etter § 5-4 til § 5-6 skal også vise beløp for det opprinnelige vedtatte årsbudsjettet, det regulerte årsbudsjettet og det forrige årsregnskapet. Oppstillingen etter § 5-8 skal også vise beløpene for det forrige årsregnskapet.

Årsregnskapet skal inneholde noteopplysningane som nevnt i § 5-10 til § 5-15.

Pliktige oppstillingar

Rekneskapen inneheld oppstilling i samsvar med § 5-4 første ledd, § 5-5 første ledd, § 5-6, § 5-8 og § 5-9 andre ledd.

Rekneskapen inneheld ikkje oppstilling etter § 5-9 første ledd. eller § 5-5 andre ledd.

Når det gjeld oppstillingar etter § 5-4 andre ledd og § 5-5 andre ledd vil vi oppmode til at kommunen i samband med arbeid med budsjett og økonomiplan drøftar kva inndeling kommunen ynskjer knytt til desse oppstillingane slik at dette kan innarbeidast i framtidige økonomiplanar, budsjett, budsjettrapporteringar og årsrekneskap.

Pliktige notar

Rekneskapet inneheld ikkje note om endringar i rekneskapsprinsipp etter § 5-10.

Rekneskapen inneheld ikkje note om marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, note om sikring, eller note om sal av aksjer som er finansielle anleggsmidlar i samsvar med forskrifta. Austrheim kommune har

ikkje marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar eller sikring per 31.12.20 og det er ikkje gjennomført sal av finansielle anleggsmidlar i 2020.

Note 2 om bunde fond, note 4 om aksjer og andelar, note 5 om garantiar, note 11 om varige driftsmidlar, note 12 om lån og utlån og note 13 om godtgjersle til revisor er ikkje innhaldsmessig i samsvar med krava i forskrifta.

I oppstillingane i årsrekneskapen skal det så langt som mogeleg bli gjeve henvisningar frå rekneskapspostar til tilhøyrande note, jf forskrifta § 5-15. Rekneskapsoppstillingane inneheld ikkje notehenvisningar.

Årsmelding

Årsmeldinga inneheld dei fleste lovpålagte krav. I revisjonsmeldinga har vi teke atterhald knytt til manglande omtale av eventuelle avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane i budsjettet opp mot endeleg avlagt årsrekneskap. Vi kan derfor ikkje uttale oss om eventuelle budsjettavvik knytt til vedtekne premissar.

Det er eit krav at årsmeldinga gjer greie for vesentlege talmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap. Talmessige budsjettavvik er omtala i årsmeldinga, men nokre stader er feil tal nytta. Vi vurderer samla sett dette ikkje som vesentlege avvik.

Avsluttande kommentarar

Vår revisjon har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar knytt til rekneskapsføringa og rekneskapen i rekneskapsprogrammet.

Kommunen har i 2020 kjøpt tilgang til avstemmingsmapper som i tillegg til ei rekke malar for avstemming og dokumentasjon inneheld oppdatert sjekklister for årsmelding og oversikt over pliktige notar med tilhøyrande malar.

Det er vår oppleving at kommunen i liten grad har hatt oversikt over gjeldande krav til årsrekneskapen. Kombinert med at kommunen sin internkontroll ikkje har fanga opp verken manglande eller mangelfull leveranse, resulterer dette i ein relativt svak leveranse frå kommunen til revisor dette året.

Framstilling av pliktig innhald og opplysningar i rekneskapsdokumentet er svak, og vi vil oppmode kommunen til å vurdere om dokumentet er i samsvar med den kvalitet kommunen ynskjer å yte og vise fram.

Vårt inntrykk er at administrasjonen sjølv ser forbedringspotensiale innan rekneskapsavslutningsprosessen, og at dei er både endrings- og lærevillige.

Med venleg helsing,

Vestlandsrevisjon IKS



Janne Eraker

Revisjonssjef